



Dykkar ref.:

Vår ref.:

23/3109 - 3 / ARIRIN

Dato:

24.11.2023

Ny kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet - Kunngjering av planoppstart og høyring av planprogram

Vil de være med å påverke framtidens utvikling av områda rundt Nysætervatnet?

Sykkylven kommune har starta arbeidet med ny kommunedelplan for områda rundt Nysætervatnet og legg no ut på høyring eit forslag til planprogram. Samstundes meldes det oppstart av planarbeidet. I samband med høyringa og oppstarten vil vi gjerne ha innspel frå deg/dykk.

Forslaget til planprogram ligg vedlagt og på kommunen si heimeside under «høyringar»

Kom med innspel innan 12.01.2024:

Om du har innspel til planarbeidet eller til planprogrammet kommunen har lagt fram, kan du sende eit skriftleg innspel via post til Sykkylven kommune, Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven, eller e-post: postmottak@sykkylven.kommune.no. Merk innspelet med saksnummer 23/3109.

Kven kan uttale seg – og om kva?

Alle interesserte kan uttale seg – både privatpersonar, interesseorganisasjonar, næringsliv og formelle høyringsinstansar. Innspel kan for eksempel vere knytt til ønske om ny eller endra bruk av areala, omsyn for ulike brukargrupper av området, tilrettelegging for ulike typar aktivitet, naturomsyn, med meir.

Innspela blir vurdert og svara ut i den vidare prosessen og eit samla planforslag blir lagt fram for offentleg ettersyn og vurdering etter det er ferdig utarbeida.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar Arild Sunde Rinnan på telefon 94 78 46 89 eller arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no om du har spørsmål eller treng meir informasjon.

Med helsing

Kristian Trandal
teknisk sjef

Arild Sunde Rinnan
arealplanleggar



Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur